

# Inkludering, samhandling og nyskaping

Meir kunnskap, inspirasjon og ideutveksling står på programmet når Noregs Ungdomslag og Huset i Bygda inviterer til kulturhuskonferanse 20.–21. oktober.

Noreg er kjenneteikna av det sterke organisasjonslivet og dei mange kulturbygga reist av lag og organisasjonar. Dette er hus som har spelt og som speler ein betydeleg rolle i utviklinga av det norske samfunnslivet. Desse husa er framleis viktige som arena for frivillig kulturarbeid og utøving av dans, teater, bunadsarbeid, og anna kulturarbeid. Det er viktig å ivareta desse husa og utvikle dei vidare. Mange av husa er midtpunkt i grender og bygdelag og fungerer som motvekt til sentralisering. Dei bidreg òg til auka bulyst i distrikta.

Fredag er tema for konferansen generelle rammevilkår og meir kunnskap om dei organisasjonseigde kulturbygga. Vi skal òg snakke om manglande forståing på tvers av sektorar som medverkar til å skape kunstige barrierar for at organisasjonseigde kulturhus kan utvikle seg i takt med tida. Konferansen er fredag retta mot det politiske og administrativt nivå i kommunar, fylkeskommunar og nasjonale organisasjoner.

Laurdag rettar konferansen seg meir mot huseigarar og frivillige lag. Tema då vert korleis skape lokalt engasjement, skrive gode søknadar, støtteordningar, offentlege krav til drift av husa og korleis kan huseigarar legge til rette for at alle kan nyte husa uavhengig av funksjonsnedsetting. Kløvheim Ungdomslag, som i 2023 vart kåra til årets Ungdomslag vil òg fortelje om sine lagsaktivitetar i eit inspirasjonsføredrag.

Arrangør: Noregs Ungdomslag og Huset i Bygda.  
Konferansen er støtta økonomisk av Vestland fylkeskommune.



Huset i Bygda



Stad	Liland Ungdomhus, Lilandsvegen 70, 5258 Blomsterdalen
Pris	fredag, inkl. lunsj - kr 300,00 fredag, inkl. lunsj og middag - kr 650,00 fredag og laurdag, inkl. overnatting og middag - kr 1 950,00 fredag og laurdag, eks. overnatting og middag - kr 550,00 laurdag, inkl. lunsj - kr 300,00
Påmelding	Innan 6. oktober. Dersom du treng overnatting er fristen 21. september for å få konferanseprisen.



# Program

Programmet går begge dagar frå 10-15.30  
med lunsj kl. 12.00.

## FREDAG 20. OKTOBER

### Velkommen

Opningshelsing frå fylkesordførar i Vestland

Introduksjon til kulturhuskonferansen

*Christoffer Knagenhjelm, Noregs Ungdomslag*

### Planarbeid

Regional plan i eit utviklingsperspektiv. Korleis kan vi løfte dei organisasjonseigde husa gjennom regionale planverk? *Vestland fylkeskommune*

Kultur bygger lokalsamfunn

*Geir Holmen, kultursjef Stad kommune*

### Kunnskapsutvikling

Arbeid med å utvikle gode og eigna kulturlokale  
*Stian Slotterøy Johnsen, Frivillighet Norge*

Kartlegging av kulturlokale i Norge. Ny innsikt i bruk og kvalitet på kulturrom

*Marianne Ween, Kulturralliansen*

Kulturbygg, bruk og verneverdiar

*Kristine Heitlo, Kulturminnefondet*

Huset i Bygda som nasjonalt kompetansesenter for organisasjonseigde kulturhus

*Christoffer Knagenhjelm, Noregs Ungdomslag*

Minoritetar sine behov for trygge og inkluderande arenaer

*Tonje Havstad, Organisasjonen FRI (forening for kjønns- og seksualitetsmangfold)*

Universell utforming. Floskel eller verkelegheit?

*Handikapforbundet*

### Rammevilkår

Bankstiftingar som samfunnsaktørar og medspelar til frivilligheita

*Yngve Thorsen, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane*

Korleis kan tilskuddsordningen Kulturrom legge til rette for grønnere investeringar i utstyr og lokaler og korleis kan den nye portalen kulturlokaler.no medverke til auka kompetanse på kommune og fylkesnivå?

*Karen Sofie Sørensen, Kulturrom*

### Oppsummering og avslutning dag 1

*Magni Hjertenes Flyum,  
generalsekretær Noregs Ungdomslag*

## LAURDAG 21. OKTOBER

### Velkommen

Kva er huset i Bygda og kva vil vi oppnå med Huset i Bygda?

*Christoffer Knagenhjelm, ansvarleg for Huset i Bygda,  
Noregs Ungdomslag*

### Omvising i huset

*Liland Ungdomslag*

### Husøkonomi

Fylkeskommunale tilskotsordningar

*Vestland fylkeskommune*

Tilskotsordningar og korleis skrive gode søknadar  
*Huset i Bygda*

Kva er Kulturminnefondet, kven kan søke og gode tips til søknadsskrivinga?

Tilskotsordning for teknisk utstyr og lokale. Kva kan lokale kulturhus søke på?

*Kulturrom*

Kva er eigentleg universell utforming, og kva bør huseigar tenke på ved renovering av kulturhuset

*Handikapforbundet eller Blindeforbundet*

### Inspirasjon og motivasjon

Inspirasjonsforedrag ved Kløvheim Ungdomslag.

Kløvheim UL vart kåra til årets ungdomslag i 2023 og kjem for å fortelje om korleis dei skapar liv og røre i bygda

### Offentlege krav til drift av kulturhus:

Kulturhus og branntryggleik  
*Bergen Brannvesen*

Kulturhus og helse, miljø og sikkerheit (HMS)

*Huset i Bygda*

### Oppsummering og avslutning

*Torbjørn Bergwitz Lauen,  
styreleiar i Noregs Ungdomslag*



**NOREGS  
UNGDOMSLAG**